



Arkivnr: 2017/2653-2  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen, Britt Karen Spjeld

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017

## Nye retningslinjer for fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg

### Samandrag

I Regional kulturplan 2015-2025 står det at *toppidrett har sterke særvidrelele krav til anleggsbygging og – utvikling. For at unge, lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikle seg vidare i fylket, og at Hordaland skal kunne vere vertskap for større nasjonale og internasjonale seniormeisterskap, må det byggast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi (s. 105).*

Hordaland fylkeskommune har sidan 1993 fordelt over 70 millionar kroner i investeringstilskot til idrettsanlegg med regionale og nasjonal verdi har totalt.

I fylkestinget i desember 2014 vart ramma for ordninga redusert frå kr 4 mill til 2.5 mill. Retningslinene for ordninga vart såleis stramma inn for å få ein realistisk søknadsmasse. M.a. vart det stilt krav om at arenaen skulle vere vertskap for eit nasjonalt eller internasjonalt seniormeisterskap og ha ein godkjend spelemiddelsøknad frå det same året. Konsekvensane er at det i 2015 og 2016 har vore relativt få kvalifiserte søknadar til ordninga. Fylkesrådmannen foreslår såleis å fjerne krav om tildeling av meisterskap og godkjend spelemiddelsøknad.

Hordaland idrettskrets er nytta som høyringsorgan i høve til revidering av retningslinene for tilskotsordninga i møte 2. mai 2017.

I budsjett for 2017 er det sett av kr 2 mill. Søknadsfrist for 2017 er 15. juni. Hordaland idrettskrets vert nytta som høyringsorgan i høve til tildelinga.

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek reviderte retningslinjer for investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

## **Fylkesrådmannen, 04.05.2017**

Retningslinjer for investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi

### **Føremål med ordninga:**

Hordaland fylkeskommune sitt investeringstilskot skal medverke til at regionen får store idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Desse anlegga er også viktige for at for at unge, lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikle seg vidare i fylket.

### **Kven kan søkje:**

Kommunar og andre anleggseigarar

### **Kva kan støttast:**

Kostnadskrevjande idrettsanlegg der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Hordaland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av prosjektet. Anlegget det vert søkt om støtte til, skal vere forankra i ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv eller ein kommunedelplan for kultur. Investeringstilskot vert berre løyvd til faste bygg/anlegg.

Storleiken på tilskotet vert vurdert i høve godkjent finansieringsplan. Tilskot frå det fylkeskommunale investeringstilskotet vert vurdert i lag med anna fylkeskommunal støtte.

### **Krav til søknad:**

Søknad om investeringstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag. Anlegget skal vere forankra i kommunal delplan og ev. regional plan. Søknaden skal og innehalde ein vurdering av anlegget sin nasjonale verdi, med uttale frå respektivt særforbund. Om det vert søkt om investeringstilskot til eit anlegg med regional verdi som finst frå før i Hordaland, er det opp til søkjar å skildre kva som skil anlegget i høve til det/dei som eksisterer.

### **Klage:**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen eller [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no).